

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO



Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
200603052-5/561/PMEK

Dykkar ref.:
200603959

Bergen, 13. oktober 2006

Høring av NOU 2006:08 - Kunnskap for fellesskapet

Me viser til brev dagsett 5. mai. Den politiske handsaminga vart gjort i vedtak i Kultur og ressursutvalet 3. oktober og me legg ved saka.

Med venleg helsing,

Ingebjørg Astrup
fylkeskultursjef

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Vedlegg



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200603052
Arkivnr. 561
Sakshandsamar Ekerhovd, Per Morten

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	03.10.06	97/06

NOU 2006:8 KUNNSKAP FOR FELLESSKAPET - HØYRING

Kultur- og ressursutvalet 03.10.06

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Kultur- og ressursutvalet tek utvalet si innstilling om universitetsmusea si organisatoriske forankring til etterretning. Museumsfeltet, kulturminne- og naturforvaltinga er ein viktig del av den regionale kulturpolitikken. Utvikling av universitetsmusea si rolle må sjåast i eit slikt perspektiv. Det er viktig å knyte universitetsmusea, øvrige museum og forvaltinga i Hordaland betre saman.
2. Samlingsforvalting og formidling i universitetsmusea må sjåast i eit nasjonalt og regionalt perspektiv. Ein må samordne fagmiljø som driv med samlingsforvalting og konservering slik at ein ikkje byggjer opp konkurrerande einingar med same kompetanse.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 4. oktober 2006

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Mildrid Bertelsen

SAKNR. 97/06
MØTEDATO 03.10.06

Saksgang	Møtedato	Saknr	Saksordfører
Kultur- og ressursutvalet	03.10.06	97/06	

NOU 2006:8 Kunnskap for fellesskapet - høyring

Forslag til innstilling, sjå saksframlegg.



Arkivsak 200603052-2
Arkivnr. 561
Saksh. Ekerhovd, Per Morten

Saksgang	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	03.10.2006

NOU 2006:8 KUNNSKAP FOR FELLESSKAPET - HØYRING


SAMANDRAG

Universitetsmuseumsutvalet vart oppretta av Utdannings- og forskningsdepartementet 15. september 2004 og har sendt utgreiinga 'Universitetsmuseenes utfordringer' til høyring. Utgreiinga diskuterer universitetsmusea som samfunnsinstitusjonar, samlingar og samlingsforvaltning, forskning- og utviklingsarbeid, kulturminne- og naturforvaltning, organisering og økonomi, og økonomiske og administrative konsekvensar.

Museumsfeltet er ein viktig del av den regionale kulturpolitikken. Utvikling av universitetsmusea si rolle må sjåast i eit slikt perspektiv. Auka fokus på formidling strekar under at formidling ved universitetsmusea må sjåast i samband med andre muse og forvaltningseiningar.

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Kultur- og ressursutvalet tek utvalet si innstilling om universitetsmusea si organisatoriske forankring til etterretning. Museumsfeltet, kulturminne- og naturforvaltninga er ein viktig del av den regionale kulturpolitikken. Utvikling av universitetsmusea si rolle må sjåast i eit slikt perspektiv. Det er viktig å knyte universitetsmusea, øvrige museum og forvaltninga i Hordaland betre saman.
2. Samlingsforvaltning og formidling i universitetsmusea må sjåast i eit nasjonalt og regionalt perspektiv. Ein må samordne fagmiljø som driv med samlingsforvaltning og konservering slik at ein ikkje byggjer opp konkurrerande einingar med same kompetanse.


Paul M. Nilsen


Ingebjørg E. Astrup

FYLKESRÅDMANNEN, 25.09.2006:

Universitetsmuseumsutvalet vart oppretta av Utdannings- og forskningsdepartementet 15. september 2004 og har no sendt utgreiinga 'Universitetsmuseenes utfordringer' til høyring.

For utvalet sitt mandatet vert det vist til NOU 2006:8 /vedlegg. Universitetsmusea var i si tid viktige for etableringa av akademiske miljø og seinare universitet i Noreg. I dag står desse institusjonane i ei særstilling gjennom si forankring i universitetsstrukturen. Utgreiinga sitt tema berører dermed både statleg utdannings- og forskingspolitikk. Utgreiinga grip og inn i den regionale museums- og utdanningspolitikken. Som regional kulturstyresmakt har fylkeskommunen hatt eit hovudansvar på museumsfeltet. Politiske målsettingar og strategiar er utdjupa i fylkesdelplanen for museum. Fylkeskommunen sine oppgåver på museumsfeltet har vore knytt til finansiering og fagleg styring. I det seinare har den statleg initierte museumsreformen med konsolidering av musea vore mellom dei viktigaste oppgåvene. Universitetsmusea har formelle oppgåver med heimel i Kulturminneloven. Slik grip og utgreiinga sitt tema inn i den regionale kulturminnepolitikken. Hordaland fylkeskommune er regional styresmakt for kulturminnevern med mynde etter same lov.

Utgreiinga diskuterer: 1. Universitetsmusea som samfunnsinstitusjonar, 2. Samlingar og samlingsforvaltning, 3. Forsking- og utviklingsarbeid, 4. Kulturminne- og naturforvaltning, 5. Organisering og økonomi, og 6. Økonomiske og administrative konsekvensar

1. Universitetsmusea som samfunnsinstitusjonar

Universitetsmusea har berre delvis arbeidd med utadretta aktivitet. Utvalet peikar på at desse musea skal tene samfunnet og vere ei kraft i samfunnsutviklinga, mellom anna ved å styrke tilgong på kunnskap, auke forståinga av eigen og andre grupper sin bakgrunn og kultur, betra forståinga av biologisk og geologisk mangfald og samspelet mellom menneskeleg aktivitet og endringar i naturen.

For å løyse desse oppgåvene rår utvalet til at universitetsmusea må sørge for god samlingsforvaltning, profesjonell og ålment retta formidling av kunnskap, og bidra til forskning og utvikling. Musea må difor gå inn i aktive samarbeid med andre museum, forvaltning og institusjonar.

2. Samlingar og samlingsforvaltning

Ei viktig grunnlag for verksemda ved musea ligg i forvaltninga av samlingane. I 2002-2003 gjorde Riksrevisjonen ei undersøking som avdekkja kritikkverdige tilhøve. Utvalet peikar på at samlingsforvaltninga må betrast. Det må utarbeidast ein heilskapeleg samlingspolitikk, ein må løyse problem knytt til bevaringstilhøve, prioritere kompetanse innan konservering. Vidare må ABM-utvikling leggje til rette for ei koordinert samlingsforvaltning og digitalisert materiale må leggjast til rette for formidling, forvaltning og forskning.

3. Formidling

Utvalet har vurdert formidlingsverksemda og dei målbare resultata (besøktal, publikasjonar mv), kompetanse, styring og utfordringar. Universitetsmusea har i liten grad lagt til rette for tilgong til samlingane sine. Mellom anna har tilgongen til arkeologisk funnmateriale/automatisk freda kulturminne vore vanskeleg. Utvalet rår til at ein styrker formidlinga gjennom å betre basis utstillingane, prioriterer digital og nettbasert formidling, set av midlar til digitale læringsressursar, gjer tydeleg pedagogisk kompetanse, nyttar publikumsundersøkingar og resultatindikatorar og har gratis inngang. Ein bør styrke samarbeidet med vitensentra, skulane og andre museum.

4. Forskings- og utviklingsarbeid:

Utvalet går gjennom univervitetsmusea sitt forskings- og utviklingsarbeid (FOU), dei prinsippa som ein meiner må ligga til grunn, og utfordringane ein står andsynes. Ein rår til at musea styrkar forskningsleiinga og utviklar planar og klåre prioriteringar for FOU-arbeidet. FOU må konsentrerast om musea sine kjerneområde og ein må bevare unik kompetanse og unngå overlapp med andre univervitetsmuse og universitetsmiljø.

5. Kulturminneforvaltning og naturforvaltning

Univeritetsmusea har ei formell rolle i forvaltninga av automatisk freda kulturminne. (utgraving ved dispensasjon etter Kulturminneloven og forskingsgraving). Dei har ingen oppgåver pålagte ved lov i naturforvaltninga, men har ei rolle som kunnskapsbank for forvaltninga. Utgravingsverksemda skal sikre kjeldemateriale og vere grunnlag for formidling. Utvalet ser at arbeid med faglege program er viktig og rår til at den regionale kulturminneforvaltninga og arkeologiske institutta ved universiteta vert med i slike. Det same gjeld utarbeiding av forskingsstrategiar og prosjektplanar med stort potensial for FOU. Formidling lyt vere ein del av planene for utgravingsprosjekt.

6. Organisering og økonomi

Kapitlet er mellom dei mest sentrale i utvalet si innstilling. Universitetsmusea er organiserte og finansierte som eigne einingar ved universiteta. Plasseringa gjev mange utfordringar. Utvalet rår til at det vert etablert eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom departement med museumsansvar der statleg museumspolitikkk vert betre koordinert. Univeritetsmusea bør gjevast tydelegare styringssignal og rapporteringsverktøy, ha brei ekstern representasjon og ein må vurdere ein finansieringsmodell som gjer synleg forvaltninga av samlingar og formidling med vekt på bevaring, basisutstillingar og digital informasjon.

Utvalet er delt når det gjeld musea si organisatoriske tilknytning. Fleirtalet utvalet meiner at universitetsmusea lyt organiserast med ei anna tilknytning til universiteta enn slik det er i dag, og at oppgåvene deira og rolla som samfunnsinstitusjon ikkje er avhengig av tilknytning til universiteta. Dei kan leggjast inn under universiteta sine randsoneaktiviteter og dessutan i større grad vere del av konsolideringsprosessen i museumsreformen.

Mindretalet i utvalet meiner at desse musea har ei så viktig rolle i dokumentasjon og forskning på natur- og kulturarven at dei framleis må vere del av kunnskapsnettverket ved universiteta. Universitetsmusea lyt inngå i nasjonale og regionale nettverk som vert utvikla i samband med museumsreformen. ABM utvikling må styrkast for å stimulere kunnskapsutvikling og formidling.

Museumspolitikken i Hordaland fylkeskommune:

Museumsfeltet er ein viktig del av den regionale kulturpolitikken. Utvikling av universitetsmusea si rolle må sjåast i eit slikt perspektiv.

Univeritetsmusea har grunna si særlege organisatoriske tilknytning stått utanfor den fylkeskommunale museumspolitikken og ikkje vore del av den statleg initierte museumsrefoma og konsolideringsprosessen. Kontaktflata med utøvarar av lokal og regional politikk har vore lita. Utvalet rår til at ein ser universitetsmusea i samband med den regionale politikken, og at desse institusjonane i sterkare grad vert knytta saman med andre institusjonar. Trongen for eit sterkare regionalt grep om feltet vil bli tema i samband med den planlagte regionreforma.

Utvikling av sterke regionale nettverk vil krevje sterkare samarbeid på tvers av faglege og institusjonelle skiljer. Dersom regionalt samarbeidet skal styrkast lyt dette gje premissane for den organisatoriske forankringa. Midlar må difor nyttast til å byggje opp under den regionale politikken på feltet.

Vedtak:

Ein tek utvalet si innstilling om univeritetsmusea si organisatoriske forankring til etterretning. Museumsfeltet, kulturminne- og naturforvaltninga er ein viktig del av den regionale kulturpolitikken. Utvikling av universitetsmusea si rolle må sjåast i eit slikt perspektiv. Det er viktig å knyte universitetsmusea, øvrige museum og forvaltninga i Hordaland betre saman.

Samlingsforvaltning og formidling:

Auka satsing på formidling og samlingsforvaltning er mellom dei viktigaste tiltaka i museumsreformen og i fylkesdelplan for museum. Dei endringane som vert tilrådd av utvalet ligg allereie som målsetting for konsolideringa av dei regionale musea. Auka fokus på formidling strekar under at formidling ved universitetsmusea må sjåast i samband med andre muse og forvaltningseiningar.

Slik det er i dag sit universitetsmusea med ansvar for alt materiale frå før-reformatorisk tid. Dette er vanskeleg tilgjengeleg for utanforståande. Eit resultat er at kulturhistorisk forskning og formidling i sterkare grad vert knytt til etter-reformatoriske kulturminne. Det er viktig at musea sine samlingar vert gjort lettare tilgjengelege og kan nyttast som grunnlag for skjøtsel, formidling og verdiskaping.

Utgreiinga peikar på trongen for å byggje opp konserveringskompetanse. Hordaland fylkeskommune har over lengre tid arbeidd med samlingsforvaltning og konserveringstenester hjå museumseiningane i Hordaland. Fellestenesten ved MIS er eit fagmiljø som har nasjonal tyngd. Det vil vere viktig å målrette ressursbruken frametter. Det er difor viktig at nye tiltak i universitetsmusea vert sett i samband med eksisterande ordningar i Hordaland.

Vedtak: Samlingsforvaltning og formidling i universitetsmusea må sjåast i eit nasjonalt og regionalt perspektiv. Ein må samordne fagmiljø som driv med samlingsforvaltning og konservering slik at ein ikkje byggjer opp konkurrerande einingar med same kompetanse.